



NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalelsen

 Ja

Personopplysninger

Navn

TOR HELGE HAARA TJEMSLAND

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

 Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:

202320330

Sakstittel

Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

NVERøldal 30.08.2024

Høringsuttalelse 202320330 – Uttale til Opprustning og Utvidelse av kraftverk - RSK

Forslag til miljøforbedringer/endringar:

Underteikna ynskjer å peike på fylgjande aspekt ved dei presenterte planane for opprustning og utviding av kraftanlegga til RSK. Underteikna gjer merksam på at han her uttalar seg som privatperson, busett i Røldal. Frå underteikna sin ståstad, er kulepunkta under dei viktigaste endringane:

1. Primært så meiner underteikna at ein ikkje kan gje løyve til pumpekraftverk i tilknytning til Røldalsvatnet.

Overflatearealet til vatnet, og ikkje minst, plassering midt i bygda, gjer dette til eit sær s ueigna magasin. Alternative løysingar må vurderast; til dømes å overføre Votna direkte til Suldal.

a. Store variasjonar i vasstanden i Røldalsvatnet vil truleg medføre negative miljøkonsekvensar midt i bygda. Ein kan anta at det vil vere attraktivt å produsere straum på kalde, klare vinterdagar. Underteikna er uroa for kva konsekvenser auka slukeevne vil på kraftverket vil få. Risikerer ein overvatn, med påfølgjande frostrøyk? Dette vil så tilfelle vere ei uakseptabel forverring av noverande situasjon.

2. I reguleringsmagasin som vert endra til «pumpekraftmagasin», må det vurderast å gjere betydelege endringar i HRV/LRV for å oppnå reelle miljøforbetringar i, og rundt, magasinane. Dette for å redusere utfordringar rundt til dømes utvasking.

a. For Røldalsvatnet må reguleringshøgda i eit slik tilfelle reduserast betydeleg, til dømes ned til 8 meter. I tillegg må ein innføre eit konkret manøvreringsregime. Til dømes at vasstanden i vatnet skal vere i nærleiken av HRV til ein gitt dato, og at det då ikkje vil vere lov å endre vasstanden meir enn til dømes ein meter. Dette ville betydd mykje for å redusere ulempene reguleringa medfører i Røldal.

3. Ein kan ikkje tillate eit deponi i Røldalsvatnet. Lyse må finne ei alternativ plassering til steinmassane. Noverande steinfylling (frå 60-talet), ligg på land, i forlenging av den planlagde steinfyllinga. Ein stor del av steinen må kunne leggast oppå denne. Det må stillast krav om at resterande steinmassar må deponerast i andre allereie etablerte, eller planlagde, deponi.

a. Det må sjølvstakt stillast krav om at steinfyllingane skal stillast til disposisjon for ettertida.

4. Tilkomsten forbi «pumpekraftmagasinane» må gjerast sikker, både vinter og sommar. Dette er spesielt viktig i Valldalen. Endra bruk av reguleringsmagasinet må ikkje medføre auka ferdsel i fjellområdet rundt vatnet, då dette vil vere særst negativt for villreinen.

a. Det burde vere sjølvstakt at regulanten overtar eigarskap og ansvar for å Valldalsvegen.

5. Underteikna forventar at det i ein eventuell konsesjon, vert stilt krav om lokale arbeidsstader. Ut frå talet på lokale arbeidsstader i dag, og talet nye arbeidsstader estimert av LYSE, vil 40 arbeidsstader vere eit rimeleg tal.

6. Det må stillast krav om etablering av eit lokalt næringsfond.

7. Konsesjonæren må bli pålagt årlige bidrag til «villreinfond», både for Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke villreinområde. I tillegg må dei påleggast årlige bidrag til det lokale fiskefondet, oppretta i samband med den originale konsesjonen frå 60-talet.

8. Underteikna stiller seg sterk kritisk til kvaliteten på miljørapporten på reinsdyr. Omsynet, og påverknaden, dagens kraftanlegg har på villreinen er ikkje tilfredstillande belyst. Konsekvensane av oppgraderingane har store svakheitar i datagrunnlaget. Visar her til krav om tilleggsdokumentasjon, sendt til NVE frå fleire høyringspartar i løpet av vår/sommar 2024.

Visar ellers til «Høringsuttale 201913014 – Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår RSK» datert 30.08.2024, signert underteikna.

Mvh

Tor Helge Haara Tjemsland

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annan relevant informasjon

Vedlegg bilder